



Dette er motoren som "skar seg" søndag, den fjerde i rekka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er i den seinare tid gjort hærverk på fire motorar i utleigebåtane til Rabben Feriesenter og det har ført til at tyske turistar har fått motorstopp under fiske ute på fjorden, melder Kvinnheringen. Ubedne gjester har hatt noko i bensinen slik at motorane har 'skore seg'.

Alle motorane er øydelagde og Steinar Myklebust opplyser at det har påført Rabben kostnader på rundt 40.000 kroner.

Han ber folk som har opplysningar om saka om å kontakta politiet, som han oppsøkte for å inngje melding om hærverket tysdag.

Myklebust fryktar at nye hærverk kan føra til ei ulukke.

Hvis turistane kjem ut i dårleg ver og får motorstopp kan det få alvorlege følgjer. Til no har Rabben-betjeninga vore ute og henta to med motorstopp medan dei to andre rodde til land sjøve.

- I tilfelle nummer tre var turistane heilt oppe i Onarheimfjorden, der det bles kraftig dagen før. Hadde vinden vore like lei dagen etter kunne problema for turistane vorte store, seier Myklebust til uskedalen.no. Han er naturleg nok lettare sjokkert over saka.

- Det heile er ganske uforståeleg, vi har aldri vore utsett for noko slikt her på Rabben og eg har heller ikkje høyrte om andre i Uskedalen som har vore ute for noko lignande, seier Rabben-veteranen.

Då bensintankane vart opna og tømde viste det seg at det hadde vore blanda eit eller anna i bensinen.

Myklebust tør ikkje seia kva det var, men det kunne minna om feittfjerner.

Når det gjeld dei konkrete havaria, skjedde det fyrste 14. mai og dei same turistane opplevde det same 16. mai. Havari nummer tre var torsdag i førre veka - på Onarheimsfjorden - og det siste fann stad sundag.

Så langt har Steinar Myklebust ikkje registrert at noko er stole på Rabben i samband med dette hærverket. Heller ikkje har nokon som har sin faste gange der sett noko spesielt med omsyn til besøk på plassen. Men kanskje har andre sett noko?

Av Ola Matti Mathisen